

# **ORGANISERING AV VEGLO DAGTILBUD, TILRETTELAGT FOR PERSONAR MED DEMENSSJUKDOM.**

Veglo dagtilbod starta opp i 2012 som ein del av dag tilbod for eldre ved Omsorgssenteret i Førde. Det vart søkt om midlar frå staten, og gjennom utviklingscenteret og samarbeid med høgskulen hadde vi og med førstelektor Torill Midtbø i 20 % stilling dei første åra. Lokalet ligg i ein einebustad som kommunen har kjøpt, tett ved Helsetunet i Førde.

Det første året hadde vi ope for 3 brukarar 3 dagar/veka. Etter eit år vart det auka til 5 dagar/veka for 5 brukarar. Vi er 3 fast tilsette, til saman 200 % stilling; alle med fagkompetanse, 2 sjukepleiarar og 1 helsefagarbeider. Fram til kommune samanslåinga i 2020 var vi adm inn under heimetenesta, etter dette vart det oppretta ei ny eining, Aktivitetseininga, der vi er plassert no. Dette er ei eining for alle dagtilbod, friskliv og frivilligheit i Sunnfjord kommune; dvs Førde, Naustdal, Jølster og Gauldalen. Det er no oppretta dagar med tilbod i Jølster og på Sande. Naustdal kjem etter når det ordnar seg med lokale.

## **Samarbeid og kommunikasjon**

Vi samarbeider med tildelingskonoret i kommunen, alle må søke om plass ved tilboden. Det varierer kor mange dagar kvar har, alt etter behov og kapasitet ved senteret. Vi prøver å sette sammen gruppene mht til alder og funksjon så langt råd er. Vi samarbeider med heimetenesta omkring felles brukarar, viktig med god kommunikasjon og gode rapportsystem for å yte best mulig omsorg. Demensteam og ressurspersonar i heimetenesta er og viktige samarbeidspartnarar. Ressurspersonane i kommunen har oppføljing av demensjuke i tidleg fase gjennom TPD, tiltakspakke demens, og er såleis ein viktig arena for å fange opp dei som har behov for ein plass på dagtilbod. Viktig å komme i kontakt tidleg for å motivere til å søke om plass, og gje pårørande nødvendig avlastning.

På Veglo har vi i dag 5 frivillige som er ein viktig ressurs for oss. Dei er med på ulike aktivitetar og er kjende med brukarane våre.

I målsetjinga heiter det at tilboden skal aktivisere, stimulere og bidra til å oppretthalde funksjonar. Det kan og vere ei avlastning for pårørande.

Samarbeidet med pårørande er svært viktig. Det skal vere lav terskel for å kunne ta kontakt, viktig å ha tid til samtale. Når brukaren ikkje lenger nyttiggjer seg tilboden og treng eit høgare omsorgsnivå, er det svært viktig å kunne vere ei støtte for pårørande.

## **Dagtildelen for personar med demens, kriterium for tildeling:**

- Brukar har demensdiagnose eller er under utredning for demens.
- Brukar er heimebuande med behov for å vere sosial og aktiv på dagtid.
- Brukar må kunne nyttiggjere seg av dagtilboden. Sjølv om ein ikkje klarer å vere med på ein skapande aktivitet, kan ein ha glede av å ta imot/delta/stimulerast.
- Brukar bidreg i eit fellesskap.
- Brukar må kunne meistre å vere i eit ope dagsenter (ikkje avlåst).
- Brukar bør vere i stand til å ete sjølv.

- Føre mat til munnen.
- Brukar må kunne bevege seg innandørs.
  - Fysiske tilhøve gjer til at det ikkje kan nyttast rullestol, stå-/ løfteheis og liknande.
- Pårørande til brukar har behov for avlastning.
- Brukarar som har ytterlegare risiko for funksjons-/helsessvikt (ernæring, fysisk og psykisk)

### **Dags rytme:**

Personalet har arbeidstid frå 08.00 til 15.30. Brukarane kjem kl 09.00 og går kl 15.00.

Dei kjem med taxi, vert følgt av heimetenesta, pårørande eller går. Dei bur heime eller i omsorgsbustad.

Kl 09 serverer vi frukost

Kl 12 lett lunch

Kl 14 middag

Måltid er ein viktig aktivitet både når det gjeld ernæring, vedlikehald av funksjon og det sosiale. Det er og med å lage struktur på dagen. Vi samlast rundt ferdigdekka bord og bruker god tid. God stemning, diskutere nyheter og elles det som fell naturleg. Nyttar lokalavisa her.

Vi har ulike aktivitetar, nokre faste og nokon knytt til årstid og høgtider. Vi nyttar MI historie, gjer oss kjende med kva interesser/hobbyar/yrke brukarane har hatt. Prøver oss fram og ser kva kvar enkelt mestrar /har ressursar til. Legg til rette for mestring og deltaking, svært viktig.

### **Døme på aktivitetar**

Døme på faste innslag er trim, legg til rette for dette inne. Tur ut dagleg så sant det lar seg gjere mht til ver og føre. I ei garasje har vi laga ei hagestue som vi nyttar om føret skulle være svært därleg, då får ein frisk luft uansett. I hagen har vi frukt og bær, mykje aktivitet knytt til dette.

Over fleire år har vi hatt samarbeid med Sunnfjord museum, der har vi samlingar med eit emne og lunch i eit av dei gamle husa. Nytt frå i haust av er at tilsette ved museumet kjem til Veglo og har eit opplegg som vert presentert for brukarane, dette har vore vellykka.

Døme på andre aktivitetar er bingo, tennbrikettar, song, ulike spel og konserter. Vi kan nytte det som er av tilbod på Helsetunet som t.d. distriktsmusikarane sine avd konserter. Viktig å nytte Helsetunet så brukarane vert kjende m.h.t til avlastning og evnt fast plass. Kafebesøk og tur rundt om i nærmiljø og distrikt er populære aktivitetar. Viktig å gjere kjekke ting.

Det må og vere samsvar mellom aktivitet og kvile. Brukarane er ulike og har ulike behov, dags forma varierer og må takast omsyn til. Det skal alltid vere rom for ein kvil i godstol eller på sofaen i løpet av dagen. Om nokon ikkje har behov for kvile vert det anna aktivitet på dei, her må ein vere fleksible.

### **Visjon for framtida**

Dagtilbodet på Veglo vart oppretta for åtte år sidan. Vi ser at behov endrar seg og veit at det er auke i antal personar som får ein demenssjukdom. Eit ynskje er å kunne utvide tilbodet, td å ha ope på ettermiddag/kveld og evnt helg. På denne måten kan brukarane få eit meir tilpassa tilbod og pårørande vil kunne oppleve at behovet for avlastning er meir tilrettelagt for deira behov.